

2018: Åttetimarsdagen 100 år – sekstimarsdagen når?



2. mai 1918:

Fleire tusen arbeidarar rundt omkring i landet tok **åttetimarsdagen med direkte aksjon.**

Aksjonane sette fart på både tariffesting og lovfesting.

Permanent lovfesting av åttetimarsdagen kom i 1919.

Det er eit jubileum verd å feira i **2018.**


Nesten 70 år seinare:

1987: Tariffavtale om 7,5 timars arbeidsdag

2018 – enda 30 år seinare:

**Tida er overmogen for den neste store velferdsreforma
– **sekstimarsdagen****

Ein halv time kortare arbeidsdag i tre tariffoppgjer til
= seks timars normalarbeidsdag.



Sekstimarsdagen – få den eller ta den?

Initiativet til aksjonane i 1918, som gjekk føre seg i Odda, Glomfjord, Trondheim, Sarpsborg, Larvik, Oslo og andre stader, kom frå arbeidarråda. Toppane i fagrørsla likte dei dårleg. Ein del arbeidsgivarar mislikte dei også. Andre såg at tida var overmogen for å innføra åtte-timarsdagen og gjekk med på forhandlingar.

100-årsjubileet for åttetimarsdagen kan feirast med lokale markeringar, historisk utstilling, møte, konferansar osv., gjerne i samarbeid mellom ulike fagforeiningar, historielag, museumslag og kvinneorganisasjonar.

Tema ein kan ta opp i tillegg til den lokale historia om kva som faktisk skjedde 2. mai 1918:

- Produktivitetsauken dei siste 100 åra, korleis arbeidarane har vore med på å auka fortjenesta for arbeidsgivarane meir enn dei har fått att i lønnsauke og/eller fritid.
- Kvifor er ei vidare arbeidstidsforkorting viktig – av omsyn til klima/miljø, likestilling i heim og samfunn, arbeidsløyse og eit meir inkluderande arbeidsliv?
- Erfaringar med sekstimarsdag der det er prøvd/innført, til dømes Tine Heimdal.
- Korleis kan vidare arbeidstidsforkorting gjennomførast ved å krevja ein halv times kortare normalarbeidsdag i kvart av dei tre kommande tariffoppgjera? Den første halvtimen i 2018 vil vera ei fin markering av 100-årsjubileet. To halvtimar til, og sekstimarsdagen er realitet i 2022.
- Somme stader kan det finnast materiale til å laga utstilling – fagforeiningsfaner, avisutklipp frå 1918. Digitale avisarkiv/bibliotek vil gi god hjelp!
- ***La 2. mai bli den nye merkedagen i kampen for sekstimarsdagen. Lag «ta sekstimarsdagen»-aksjonar med markeringar for eksempel klokka 14 eller 15. «No ville du hatt fri dersom arbeidsdagen var seks timar ...»***

Der engasjementet er stort nok, kan det vera mogeleg å gjennomføra ein politisk streik i ein og ein halv time for å ta sekstimarsdagen.

www.sekstimersdagen.no

Aksjonskomiteen for sekstimarsdagen